

Innspel frå DPO Grafisk profil om val av fylkesvåpen

Fylkesvåpenet, i tillegg til verksemdas mål og strategiar er styrande for den visuelle profilen. Vi kan lage ein grafisk profil ut frå kva som helst fylkesvåpen som vert valt, men symbol og farge i fylkesvåpenet gjev nokre føringar for former og fargar i den grafiske profilen.

Farge knytt til fylkesvåpenet

Ein farge kan i seg sjølv vere ein identitetsberar. Dei aller fleste av oss har eit forhold til fargar, og fargar påverkar kjenslene våre. Den grafiske profilen til Vestland fylkeskommune skal ha ein heil fargepalett som inneheld mange farger og mange gradientar av fargene, som alle skal stå til fargen/fargane i fylkesvåpenet. Hovudfargen i fylkesvåpenet treng ikkje automatisk bli hovudfargen i paletten, men det er vanleg at ein logofarge/fylkesvåpenfarge inngår i større eller mindre grad i paletten, enten gradert eller identisk.

Profilelement knytt til fylkesvåpen

I ei grafisk profil bruker ein gjerne logo som utgangspunkt for formane til profilelementa. Dette kan ein sjå som trekantar, sirkelar eller andre formar som nyttast til dømes på nettsider, merking av vindaugsflater, på omslag til rapportar, på rollups og andre flater. Den gjev verksemda identitet og skapar attkjenning i alt av kommunikasjonsmateriell frå verksemda. Men ein kan og sjå bort frå forma til logoen/fylkesvåpenet og la den stå for seg sjølv, mens ein kan hente profilelement basert på eit anna uttrykk som kan spegle organisasjonen visuelt. Slik kan ein og sjå forholdet mellom fylkesvåpen (logo) og profilelement. Profilelementet vil stå til fylkesvåpenet, men ikkje ha ei form som nødvendigvis er direkte henta frå fylkesvåpenet